

+ KYRKJEHELSING

KYRKJELYDSBLÅD FOR ØSTERØY



NR. 1 MARS 2010
35. ÅRGANG

**OSTERØY
PRESTEGJELD
TILSETTE/RÅD
OG UTVAL**

Kyrkjekontoret ved Rådhuset
Oppningstider: Mån - fre: 08.00 - 15.00
(Måndag er fridag for prestar og organistar)

TLF: 56 19 22 80 FAX: 56 19 22 81
E-MAIL: kyrkje@osteroy.kommune.no
HEIMESIDE: www.osteroy.kyrkja.no

Direkte innval:

Helge Kolstad	56 19 22 72
Johannes Melve	56 19 22 82
Inge Sørheim	56 19 22 83
Liv Skoglund	56 19 22 84
Kåre Rivenes	56 19 22 85
Ruth Hauge	56 19 22 71

Prestane:

Sokneprest Johannes Melve, Haus
Tlf: 56 39 00 11 - 92 65 35 21

Sokneprest Inge Sørheim, Hosanger
Tlf: 56 39 26 66 - 90 62 00 46

Kyrkjemusikk:

Kantor Kåre Rivenes - tlf: 56 39 06 26
Organist Liv Skoglund - tlf: 56 39 26 64

Kyrkjeleg fellesråd:

Leiar: Roger Breivik - 913 82 424
Nestleiar: Jenny Eikeland
John Hundhammer, Otto Mo, Jan Roald Myking,
Wenche Fiskeseth, Inge Sørheim.

Soknerådsleiarar:

Gjerstad: Kari Hauge
Hosanger: Lillian M. Kleppe
Hamre: Tove Klepsvik
Haus: Madli Hannisdal
Bruvik: Wenche Fiskeseth

Kyrkjeheising redaksjonsnemd:

Redaktør: Kristoffer Foldøy
Tlf: 56 39 45 42 - 476 18 124
E-mail: kristofferfo@gmail.com

Johannes Melve
Hild Breivik
Anne-Mari Hannisdal Haga

Layout: Oda Karoline Foldøy



Førti dagar før palmesøndag tek fastetida til. Den skal minna oss om den gongen Jesus vandra rundt i øydemarka og blei utsett for freustingar av ulike slag. Han stod i mot prøvelsane, og kom styrka ut av dette spesielle oppgjeret. I Matteusevangeliet kan ein lesa ganske detaljert om dette. Det er i oppgjeret med freistaren at Jesus seier den ofte siterte setningen: "Mennesket lever ikkje av brød åleine, men av kvart ord som kjem frå Guds munn".

Fasten startar askeonsdag, og fell saman med karnevalstida. Ordet *Carnevale* tyder "farvel til kjøtet", og har slik sett ingen ting med utkledning og karnevalsmoro å gjera. Kjøt var i tidlegare tider nærmast synonymt med festmat. Ved å seia farvel til kjøtet og berre eta fisk og vegetarkost la ein også bort festlege samvær kring bordet. Fasten var derfor også ei tid for ettertanke, meditasjon og skjerping av sansane. I kyrkja vår er *fasteaksjonen* eit eksempel på korleis vi i vår tid har transformert innhaldet i denne gamle tradisjonen. Om fasteaksjonen 2010 kan du lesa lengre ute i bladet.


Eit kunstverk frå 1487 prydar forsida, det er ein detalj frå eit større bilete som viser Jesus-barnet på Maria sitt fang. Barnet velsignar oss trygt frå mor sin arm, men det er med eit trist uttrykk i andletet. Vi blir minna om kva slags lagnad som ventar dette barnet. Eit granateple, som viser til lidinga, forsterkar inntrykket.

Biletet, som er måla av *Sandro Botticelli*, heng i Uffizi-galleriet i Firenze. Som modell for Maria nytta Botticelli *Simonetta Vespucci*, den same kvinna vi kjenner frå det kjende biletet "Venus fødsel" av same kunstnaren der ho står naken på eit stort kamskjell. På vårt utsnitt ser vi rett nok berre den slanke handa hennar. Ho var inngift i familien til oppdagaren Amerigo Vespucci som var den første som forstod at det landet Columbus kom til ikkje var India, men ein ny verdsdel. Dette nye kontinentet kalla han Amerika etter sitt eige førenamn.

- Kristoffer Foldøy

BØN OG FASTE

Andakt ved Inge Sørheim



I vår kultur er det ikke særlig vanleg å faste, utan at det er medisinske årsaker til det. Men på Jesu tid var det å faste ganske vanleg. Fromme jødar, særlig farisearar, fasta gjerne to gonger i veka. Døyparen Johannes og disiplane hans fasta ofte. Jesus fasta også, blant anna i førti dagar og førti netter, i starten av den offentlege gjerninga si.

Men vi fastar vanlegvis ikke. Det har mellom anna med at vi er lutheranarar, protestantar, å gjere. Luther slo fast at Gud ikke tek i mot oss gjennom faste, vi blir berre tatt i mot gjennom Guds nåde, i tru. Faste som botsøving, for å gjere opp for Gud, meinte Luther var utan mening, og det skugga for nåden.

Bibelen inneholder både åtvaringer mot faste og oppfordringar til faste. Jesus har åtvara oss mot å faste som hyklarar, dei som helst berre vil vise seg fram. Det å faste er først og fremst noko som har med Gud og oss sjølv som gjere. Det skal vere ei personleg handling. Ikkje for å gjere bot, ikkje for ta i mot tilgjeving, men for å komme nærmare Gud. Dei som fastar seier gjerne at dei kjenner kva som er viktig og kva som er mindre viktig når dei fastar. Bøn og faste heng gjerne saman, slik det står skrive i mellom anna i Apostelgjerningane.

Heldigvis er ikke fasta gløymt heilt bort i kyrkja vår. Vi er i fastetida akkurat no. Ei tid der vi kan setje fokus på vårt eige andelege liv. Kanskje bruker tid på bøn og faste. I fastetida kan vi gå saman med Jesus mot liding, kross, død og seier.

I bøn og faste kan vi kanskje trenge djupare inn i dei store mysteria i trua vår, og hjelp til å finne vegen, sanninga og livet. Sjå tydelegare at det er kjærleiken som er størst. At nåden gjeld alle, deg og meg, og at tru er det einaste som skal til for vår frelse.

NoS 128

T: Paul Nilsson 1898, 1906

O: Eyvind Skeie 1980

*Se, vi går opp til Jerusalem
i hellige fastetider
og ser hvordan Jesus, Guds egen Sønn
i stedet for syndere lider.*

*Se, vi går opp til Jerusalem.
Hvem deler vår Herres smerte?
Hvem våker med Jesus i verdens natt
og bærer hans sorg i sitt hjerte?*

*Se, vi går opp til Jerusalem,
til Frelserens kors og pine,
til Lammet som ofres for verdens skyld,
for syndene dine og mine.*

*Se, vi går opp til Jerusalem,
til byen med glans og ære,
for Frelseren sa oss at der han er,
skal vi ved hans nåde få være.*

BULL - FAMILIEN SIN GRAVSTAD PÅ HAMRE

I år er 200 år sidan Ole Bull vart fødd, og jubileet er blitt markert og skal markerast vidare på ulikt vis. Fødselsdagen hans var 5. februar. Ved Hamrekyrkja hadde Bull-familien ein privat gravstad som vart sletta i 1878. I dag kan vi undra oss over at eit slikt gravminne kunne fjernast utan protestar. Sakspapira viser at det var kommunestyret som godkjente slettinga på sokneprest Holst sine anbefalingar.

Hadde Ole Bull, violinvirtuos og superstjerne i si samtid, ikkje flytta til Lysøen på sine gamle dagar, kan det godt henda at gravminnet hans hadde vore på Hamre og ikkje i Bergen slik det no er. Ved Hamrekyrkja hadde besteforeldrene hans investert i ein privat gravstad for seg og slekta. Men etter at Ole gifta seg med den unge Sara Thorp, flytta han frå Osterøy. Og allereie før Ole Bull sjølv gjekk bort i 1880, var minnet etter Bull-familien ved Hamrekyrkja sletta.

Sjølv var Ole Bull brukar av kyrkja ved visse høve. Frå barnsbein av hadde han med stor interesse sett brurefølgje på kyrkjeveg med spelemann i spissen dra forbi garden på Valestrand. Han hadde også eit ønskje om å byggja veg frå Valestrand til Hamre. Halve utgelta ville han ta på seg, men kommunestyret nekta å setja prosjektet i gang. Sonen Aleksander som var fødd i Paris blei ikkje døypt

før han var to år gammal. Dei venta så lenge sidan faren ville at han skulle bli døypt i heimlandet. Då presten auste vatn på han frå døypefonten i Hamre kyrkje skal han ha ropt ut på fransk: "C'est trop froid!" Det er alt for kaldt!

Då bestefaren til Ole Bull, som også heitte Ole Bornemann Bull, tok over Valestrandsgarden i 1808, kjøpte han seg samstundes ein privat gravstad ved Hamre kyrkje. Dette anlegget overtok han etter ei presteenke Geelmuyden, som hadde vore gift med sokneprest Gert Geelmuyden. Geelmuyden var prest på Hamre frå 1782 til 1787. Ein pussig forbindelse mellom kjøpar og seljar er at mor til Ole Bull også var av Geelmuyden-slekta. Gravstaden var eit innebygt hus som stod inn til kyrkjeveggen der sakrestiet står på Hamre i dag. Det var altså slik at når lik skulle setjast inn der bar ein dei direkte inn frå koret i kyrkja, og ikkje først ut gjennom hovuddøra. Derfor måtte ein betala ekstra for dette, slik det står i eit dokument frå 1792:

"Der findes et Begravelsessted ved Kirken, som tilhører Madame Geelmuyden, og naar Liig skal indsettes i samme, maa det bæres igjennom Kirken. Derfor skal for hvert voxe Liig der indsættes i bemeldte Begravelsessted, for Kirkens Aabning betales 1 Riksdaler og for Barn under 1 aar $\frac{1}{2}$ Riksdaler".



Hamre kyrkje, med sakrestiet nærist oss, slik det ser ut i dag. Takvinkelen på bygget var annleis den gongen det tente som gravstad.



Ole Bull ligg gravlagd i Bergen.

På gamle oppteiknar er det avteikna ein opning i kyrkjeveggen eit stykke lenger mot aust enn døra inn til sakrestiet er frå koret i dag. Det var derfor ikkje noko inventar som stod til hinder for denne "trafikken".

To år etter at Ole Bornemann Bull hadde overteke gravstaden, døydde han. Det var i det same året som meisterviolinisten blei fødd, noko som antageleg var grunnen til at han fekk namnet etter bestefaren. Enka Gidsken Edvardine Storm Bull gav gravstaden attende til kyrkja i 1812 utan vederlag, men med nokre hefte: Vedlikehaldet måtte kyrkja ta ansvaret for, og ho ber samstundes om å få bli gravlagd der ved mannen si side når den tid kom.

Slik gjekk det også. Gidsken Edvardine døydde i 1833 og blei gravlagd i tilbygget. Men nokre tiår seinare, i 1878, blei gravstaden sletta. Då var det bestemt at kyrkja skulle få eit sakrestipåbygg, og ein fann det naturleg å nyitta tomta i forlengelsen av kyrkjekoret mot sør aust, der gravhuset stod. Ein ville "omdanne Lighuset til Sakresti", som det stod i saksdokumenta. I 1874 bad sokneprest Holst om lov til å grava kistene som stod der ned på gravplassen. Og hausten same året ber Holst ordføraren om å underretta Bull-familien om flyttinga. Kommunestyret vedtok i februar 1875 at kistene skulle flyttast. Ein kan jo undra seg over kva kommunestyret hadde med saka å gjera, men slik var det den gongen. Tre år gjekk det likevel ennå før vedtaket blei gjennomført.

Kistene blei nedsette på kyrkjegarden utan gravstein eller anna merke. Derfor har ein ikkje noko synleg minne etter Bull – familien på Hamre kyrkjegard i dag. Lokalhistorikar Litleskare var ein av dei som tykte denne framferda var forkasteleg. I 1930 skreiv han ei bok om kyrkja og kyrkestaden på Hamre. Han kjem inn på kva som hende med besteforeldra til "Noregs største son", og skriv følgjande: "No veit ingen lenger kvar beini å Bullarane er nedgrytte."

Ein kan sjølv sagt også undre seg over at noko slikt kunne bli gjort utan protestar. Ole Bull sjølv var på denne tid i ferd med å etablira seg på Lysøen. Han hadde fått seg ny familie, og tilhøvet til den amerikanske svigerfamilien var til tider turbulent. Valestrand var på eit vis historie. Det ser ikkje ut til at Ole Bull, som turnerte både i Europa og Amerika desse åra, har engasjert seg mykje i saka.

Sakrestiet ved Hamre kyrkje som står der i dag, er ikkje det opphavelege. Tilbygget til kyrkja blei fornøya ved restaureringa som kyrkja gjennomgjekk kring 1950. Det var arkitekt Konow Lund som stod for det arbeidet. Han sette opp eit bygg som harmonerte betre i utsjånad med resten av kyrkja enn det som stod der tidlegare. Takvinkelen på sakrestiet blei gjort lik med resten av kyrkja. Spor etter det første sakrestibygget frå 1879 eller gravhuset som stod der før det igjen er ikkje lengre synlege. Av beinhuset finns heller ingen fotografi. Men vi har ein detaljert planteikning av kyrkje og beinhus, laga av arkitekt Stockfelt, som viser korleis kyrkja såg ut før 1858.

Kirkens Nødhjelps fasteaksjon 2010

- Det nyttar verkeleg!

– Det var sterkt å sjå bileta av heimen til familien Tran etter at tyfonen Ketsana herja Vietnam i haust. Huset stod like trygt, seier kateket Bjørn Losvik frå Ulsteinvik.

I fjar sommar besøkte Bjørn Losvik, kateket i Ulsteinvik, og tre norske konfirmantar familien Tran i Vietnam. Det vart eit møte som har sett djupe spor.

Dramatisk natt

– Familien Tran fortalte oss den dramatiske historia om korleis dei vart tvinga til å flykte frå det gamle huset sitt midt på natta på grunn av flaumen to år tidlegare, fortel Losvik.

Ei haustnatt i 2007 vart familien Tran vekt av at vatnet berre steig og steig inne i huset deira. Mamma Tran Thi Thu Thuy, pappa Tran Viet Dung og dei fem barna deira måtte flykte frå heimen sin i hui og hast. Faren i familien tenkte berre på éin ting: Å redde barna sine. Han kom seg ut i vatnet og førte familien til ein trygg stad, ut av huset og til eit område som ligg høgare.

– Yngstebarnet deira var berre tre månader. Det er klart at eg – som sjølv har barn – får sterkt sympati for foreldre som må kjempe for å redde barna sine på denne måten, seier Losvik.


Familien Tran overlevde, men heimen deira vart øydelagd og dei mista mange av egedelane sine. I to månader, medan dei venta på at vatnet skulle søkke igjen, måtte dei bu i eit skur av plast og bambus. Mat, reint vatn og helsa til barna vart noko dei måtte uroe seg for i det daglege.

Trygge no

Som éin av mange familiar i nærområdet har familien Tran fått stønad av Kirkens Nødhjelp til å byggje nytt og flaumsikkert hus i mur og betong. I stova er det ein hems i taket. Her kan familien lagre matvarer, og når vatnet stig på ny, er vegen kort til ein trygg stad.

– Medan vi var der, såg vi det gamle, øydelagde huset, som stod vegg i vegg med det nye, solide huset. Eg tenkte at det var bra vi fekk sett det: Pengane når fram, prosjekta til Kirkens Nødhjelp er gode. Det nyttar verkeleg. Men det sterkeste av alt var e-posten eg fekk etter at tyfonen Ketsana herja Vietnam i september 2009. Her var det eit bilet av familiefaren, som peikte på grunnmuren til det solide, nye huset for å vise kor høgt vatnet hadde stått. Huset var like heilt, seier kateketen i Ulsteinvik.

Vietnam:
Mellom oktober og november i 2007 vart Thua Thien Hue-provinsen i Sentral-Vietnam råka av fire flaumar. Nesten 30 000 menneske vart evakuerte frå heimane sine, 83 400 hus vart overfløynde, 31 menneske vart hardt skadde og 22 menneske døydde. Familien Tran var éin av familiene som måtte flykte.



Tran Thi Thun Kim (5) viser korleis familien kan klatre opp på hemsen når flaumen råkar.

Innsamlingsaksjon 23. mars

Tysdag 23. mars set alle kyrkjelydane på Osterøy soknjelyset på den utsette stillinga til fattige menneske i møte med flaum, tørke og ekstremvêr. Da går Kirkens Nødhjelps fasteaksjon 2010 av stabelen, og tusenvis av konfirmantar, unge og voksne over heile landet går med bøsse.

Ta godt imot bøsseberarane frå din kyrkjelyd når dei bankar på døra di! Du kan også støtte aksjonen gjennom givertelefon: 820 44 088 (200 kroner) eller via kontonummer 1594 22 87493.

KIRKENS NØDHJELPS FASTEAKSJON 2010

Medan vi i den rike delen av verda kan førebyggje og forsikre oss mot naturkatastrofane, står menneske i fattige land i fare for å miste alt når katastrofen råkar. Derfor går pengar frå fasteaksjonen i år mellom anna til å gjere fattige og sårbarer betre rusta til å møte eit meir ekstremt vêr, som for eksempel flaum og tørke. I flaumutsette område i Vietnam inneber det mellom anna at familiar kan få støtte til å bygge flaumsikre hus. I Kenya, som ofte blir råka av tørke, støttar Kirkens Nødhjelp mellom anna prosjekt der regnvatn blir samla og lagra til tørre periodar.

Om framtida:

FNs klimapanel (IPCC) reknar med at havnivået i gjennomsnitt vil stige med mellom 9 og 88 cm fram til 2100.

Dersom reknestykka treffer, vil det skape store utfordringar for menneske som bur i spesielt sårbare område.

Familien Tran er éin av mange familiar som må førebu seg på fleire flaumar og meir ekstremvêr.

I slutten av september 2009 herja tyfonen Ketsana delar av Søraust-Asia og sette store område under vatn. Mange måtte enda ein gong flykte frå heimane sine. Med stønad frå Kirkens Nødhjelp hadde familien Tran bygd eit nytt, flaumsikkert hus etter storflaumen i 2007 og stod dermed sterke rusta da vatnet trengde innover landet.

Familien kunne bli buande i heimen sin og skadane etter flaumen var minimale.

Det nye soknerådet ønsker:

Velkommen til Hosanger Kyrkje!



Ved stortingsvalget hausten 2009 var det også valg til sokneråd. Det er ei kjent sak at det i mange sokn er store vanskar med å få folk til å stilla til val. Dei som har sagt seg viljuge har nok gjort det av ulike grunnar og interesser, men for det fleste er det vel interessa for at me skal ha ei kyrkje i eige sokn som er avgjerande. Soknerådet går ut frå at dette også er hovedmotivet for dei som avgav stemme ved valet. Med dette som utgangspunkt skulle soknerådet ha eit godt arbeidsgrunnlag for å engasjera medlemmene i soknet.

Hosanger Kyrkje - vinn eller forsvinn?

Etter kort tids arbeid har det nye soknerådet erfart at me står ovanfor utfordringar og oppgåver som - sett litt på spissen - kan handla om Hosanger Kyrkje har ei framtid? Om "heimekyrkja" di har ei framtid?

Fokus kan setjast på to ikkje ukjente hovedproblemstillingar:

- Dårleg økonomi som fører til manglande vedlikehald og redusert kyrkjeleg aktivitet.

- Dårleg kyrkjebesök, dvs lite engasjement for kyrkja i soknet.

For om mogeleg å finna eit svar på dette spørsmålet, ønsker det nye soknerådet i Hosanger å engasjera og utfordara innbyggjarane i soknet.

Planar og tiltak for 1. halvår:

Dugnad: Delar av kyrkjefasaden treng ei skikkelig oppfrisking med kalk/maling, og likeins trengs det ei innandørs våreingjering i kyrkja. "Når det livnar i lundar... og vårsola varmar i bakkane, vil soknerådet invitera til KYRKJEDUGNAD med noko attåt på kyrkjbakken. Dag og tid vil verta kunngjort i god tid på førehand, men alt no kan du mentalt begynna å lada opp til innsats.

Kyrkjeleg aktivitet: Utover det som var planlagt på førehand av gudstenester og arrangement, vert ikkje så mykje som vil skje i 1. halvår. Soknerådet vil arbeida vidare med idear og innspel som har kome, men denne delen treng planlegging og bearbeiding, så dette må koma litt etter kvart. Men me vil gjerne ha fleire forslag, idear og tankar frå deg. Kom med innspel til: "Tanke- & Idesmia - Hosanger Kyrkje"!

Kyrkjebesök: Mange av oss - også soknerådet - kan ikkje skryta av å vera flittige kyrkjegjester. Soknerådet trur at mange av oss treng eit lite puff for å verta litt flinkare, og betre marknadsføring er planlagt igangsett. Plakatar vil vera eitt av tiltaka. Meir spennande er ein ide om å senda SMS meldingar om påminning av gudstenester eller andre kyrkjelege arrangement. Ideen er å byggja opp "kundelister" på personar som er interessert i og har akseptert å få slike varslingar. Synes du denne ideen er god, så kan du vera ein god medhjelpar: Kontakt familie og venner i ditt nettverk, og lag ei liste med navn, mobilnummer og evt. e-post adresse.

Få også dei du kontaktar til å laga ei liste. Men hugs å spørja om det er ok at dei står på ei slik liste! Velkommen til å ta del i prosjekt: "Bodstikka - Hosanger Kyrkje"!

**Kontakt Soknerådet v/Lillian Mandelid Kleppe,
mob.tlf. 90926079 eller e-post: lmksokn@tele2.no,
sokneprest Inge Sørheim, tlf. 90620046
eller kyrkjekontoret, e-post: kyrkje@osteroy.kommune.no**

KONFIRMANTAR I OSTERØY VÅREN 2010

HOSANGER

Martin Christoffer Birkeland
Gjertrud Bysheim
Marius Eikefet
Mariell Hopsdal Gjerstad
Maria Ekanger Johnsen
Alexander Steinsland Langeland
Hanne Lillejord
Sofie Hoshovde Matre
Martin Veland Merkesvik
Irene Bernes Nordbø
Kjetil Bjørsvik Pedersen
Morten Greve Risholm
Anders Skråmestø
Tatjana Tysse

HAMRE

Eirik Tvedt Aastvedt
Fredrik Bolstad
Maren Skår Elvik
Hans Jørgen Gundersen
Kjersti Riple Heradstveit
Elin Kleppe
Jørgen Åsheim Kvalsvik
Hanne Burkeland Lie
Marit Burkeland Lie
Andre Lunde
Øyvind Brakvatne Mjelde
Haldor Askeland Mjelstad
Robin Breivik Myking
Gina Nordpoll
Ole Rolland
Marius Sleire Rundhovde
Jørund Vatle Sandgren
Vetle Bolset Tepstad
Jørgen Nymark Vindenes
Andreas Øsleby

BRUVIK

Eva Fjeldstad
Mariell Solberg Langhelle
Joachim Hekland Hauge
Jostein Hesjedal
Viking Andreas Hauge Lone
Sondre Skaftun

HAUS

Sigrid Borge
Christian Gundersen Børteit
Veronica Cindahl
Natalie Celin Halleland Eidsnes
Laura Viviann Fossheim Galaz
Andreas Gjerstad
Ida Hundhammer
Rene Litangen Jensen
Mons Helge Mjelde
Jonas Mjelde
Lovise Marie Kårvatn Mork
Lena Salvesen
Julie Fanebust Setre
Stine Stokke
Sondre Stokke
Even Løtveit Stokke
Thea Amalie Tennebekk
Susann Torgersen
Jim-Martin Rolland Vatle
Renate Ådland

GJERSTAD

Ragnhild Dyvik
Camilla Engstrøm
Tina Hannisdal
Silje Askeland Hartveit
Andrea Hartveit
Frida Rongved Jacobsen
Hanne Mjelstad
Alexandra Christin Nordås
Tonje Rongved
Hilde Soltvedt
Susanne Thomassen Teigland
Ingrid Tvedt
Vanja Vedå
Margit Sofie Vevle
Tonje Kleppe Yddal
Jonas Sandal Gjøstein
Torbjørn Hannisdal
Anders Lone Hatland
Rune Hartveit Ingebrigtsen
Anders Kleppe Myking
Toivo Olai Simon Puputti Raknes
Even Rongved
Aleksander Røisæth Solberg
Tom Erik Solberg
Jon Inge Teigland
Morten Melchersen Vevle
Hans Petter Hansen Vevletveit

Lys Vaken natt i Haus kyrkje ved inngangen til nytt kyrkjeår

Laurdagen før første søndag i advent var 12 forventningsfulle 5-klassingar samla i Haus kyrkje til Lys Vaken arrangement. Vi starta kl. 17. 30 med kyrkjevandring der dei fekk bli kjent både med rom og interiør i kyrkja vår. Ikkje minst populært var det å bli teken med i kyrkjetårnet og til og med få prøva kyrkjeklokken. Etter kveldsmåltidet var det sporløp og leikar og kvelden vart avslutta med lesestund og lysandakt. Så var det tid for kanskje det mest spennande; å overnatta i kyrkja langs midtgangen og uti dei romslege krokane.


Tekst og foto: Madli K Hannisdal

Fram med soveposar og liggjeunderlag. Kanskje ikkje så lett å finna roen når ein skal sova i kyrkja så mange, og så går det an å lura leiarane litt og, for kva med å senda litt koselege små sms- ar; der ei prøver å halda kvarandre vaken for var det ikkje lys vaken natt? Men etter midnatt var det stilt i Haus kyrkja og forhåpentlegvissov dei fleste med unnatak av nattevakten som måtte vera lys vaken.

Morgen kom tidleg. Klokka 08.00 var det opp og frukost og deretter samla vi oss til ei lita adventsgudsteneste med utdeling av Godt Nytt. Me vil takka 5.klassingane ved Haus skule for ei kjempekjekk helg. Takk til foreldre som stilte opp og var med, frivillige nattevakter og leiarar, utan dykk ville vi ikkje fått det til. Ein fin markering og inngang til det nye kyrkjeåret, som vi arrangerde for andre gong, og forhåpentlegvis vil me prøva igjen.



Her har me fått Godt Nytt.



Framtidige organistar? Her får dei i alle fall ein liten prøvestart.

KYRKJELYDSHUSET I HAUS
er ein fin stad til feiring av dåp, konfirmasjon,
fødselsdagar eller andre samkomer.

Ansvarleg for utleige er:

Nils Lygre tlf. 56390161

DUGNAD
på uteområdet ved Hamre kyrkje,
fredag 16.april kl. 18 - 21.
Hamre sokneråd.

MARIA VOCALIS TIL OSTERØY



På Maria bodskapsdag, 23.03.2010,
kjem koret Maria Vocalis saman med dirigenten
Marit Karaskiewicz til Osterøy.
Først deltek dei på gudstenesa i Gjerstad kyrkje.
Klokka 19.00 vert det konsert i
Hamre kyrkje med koret og musikkvener.

Solveig Daltveit - med hjarte for misjon

Solveig Daltveit vart 90 år i fjor sommar. Ho har eit langt liv bak seg der arbeid for misjonen har stått sentralt. I 1968 vart ho leiar for Reigstad kvinneforeining - og det er ho framleis.

Tekst og foto: Anne-Mari Hannisdal Haga

- Kva var det som gjorde at du byrja med foreningsarbeid?

- Eg får vel seia at eg var oppvaksen med det. Heima på Vevle gjekk ho mor i foreining i alle år. Ho hadde den heime hjå seg i fleire periodar. Både mor og far var veldig interesserte i Misjonsselskapet. Dei var òg med i Gjerstad misjonsforeining. Difor var det heilt naturleg for meg å byrja i foreining. Då eg kom til Daltveit var dei her òg sterkt knytt til Misjonsselskapet, og eg må seia at det står mitt hjarte næraast òg.

Svigermora på Daltveit var med i Reigstad kvinneforeining, og slik kom ho med der. Ho byrja i foreininga i 1965. Det var Kari Kleppe som hadde foreininga då. Heile tida sidan skipinga i 1912 har den heitt Reigstad kvinneforeining og heile tida har den vore delt mellom Indremisjonen og Misjonsselskapet. Då yngste barnet var 5 år, kunne ho vera med faren i marka, og då kunne Solveig sleppa frå. Då byrja ho i foreininga. Ho og svigermora gjekk gjennom marka. Dei gjekk over Åsen på ein god halvtime. Dei var då dei einaste som ikkje var frå Reigstadgarden.

- Dei andre var eldre og kunne ikkje tenkja seg å ta over foreininga, så om eg ikkje hadde gjort det, hadde den vorte nedlagt. Så då gjorde eg det. Og sidan fekk eg ha ho.

- Av og til var me samla alle misjonsforeiningane både her på Osterøy og nordom fjorden, og det tykte eg var veldig kjekt. Ein gong fekk me besøk av ein misjonær som nettopp var komen heim. Det var interessant å høyra han fortelja frå misjonsmarka. Eg kan enno hugsa temaet han talte rundt. Og av og til reiste me opp til Gjerstad til misjonsstemna som dei hadde. Og då var det ofte misjonærar der. Det var mykje Madagaskarmisjonærar som var der. Dei jentene som var frå Hauge, dei var på Madagaskar, og eg trur nok at det hadde litt å seia at Madagaskar kom i fokus her på øya. Det gav inspirasjon.

Etter kvart har fleire andre kvinneforeiningar gått saman med dei. Foreininga har halde til på ulike stader på Reigstad og elles på Valestrand, og då bedehuset på Valestrand var nytta, hadde dei foreininga der. I dag treffest dei i eldrebustadene på Eide. Sonen Jon kjører ho til og frå. Dei er ikkje så mange att i foreininga i dag.



Dei har basar ein gong for året, men dei slepp unna loddslalet no. Det er det andre som tek seg av. Indremisjonen på Valestrand ordnar med basaren. Solveig fortel at folk er svært flinke til å koma med gevinstar til basaren deira.

- Så du held framleis på med handarbeid?

- Eg held framleis på med handarbeid, men alt går så mykje seinare no.

- Men du vil halda fram med kvinneforeininga så lenge du kan?


- Ja, så lenge eg greier det. Dei seier no det at eg må vera med, elles kan me ikkje ha foreining. Men eg seier til dei at dersom de ikkje hadde vore, så hadde det ikkje vore foreining. Så dei må ikkje seia at det er eg som gjer arbeidet. Eg vil ikkje ha æra av det.

Solveig har skrive lagssoge for Reigstad kvinneforeining. Dette sende ho til Misjonsselskapet fordi dei hadde ført opp 1952 som skipingsår for kvinneforeininga. Ho skreiv inn til dei at dei måtte sjå i papira sine. - For dei har jo fått pengar gjennom alle desse åra. Så der laut dei gje seg. Så det er ordna.

Misjonsbefalinga har alltid stått sterkt hjå Solveig Daltveit. Heile sitt liv har ho levd og ånda for misjonsarbeid, ja, ho er retteleg ei dame med hjarte for misjon.

MINNER FRA TIDEN MIN I TROMS

av Wenche Fiskesteth



Troms fylke er større i utstrekning enn Østfold, Akershus, Buskerud og Vestfold til sammen.

Få steder er naturen så omskiftelig og så vakker! Enten fargeskalaen eksploderer i dalsidene en solskinnsdag i september eller midnattsola bretter sitt røde lys over landskapet og vever fylket inn i evig dag.

En kan gjøre seg så mange tanker om tromsværingen som et menneske i naturen, født mellom havet og fjellene, tilpasset dette mektige landskap. Forsøket på å karakterisere mennesker lider ofte under mangel på nyanser. Folk blir gjerne stereotype av slike beskrivelser. Men det står ikke til å nekte for at naturen har vært en mektig utfordrer og en enorm drivkraft for mange generasjoner tromsværinger. En lokal vismann sa en gang at folk som lever så sterkt i pakt med naturen ikke kan unngå å bli preget av den. Dessuten skapes ofte de store humorister mellom havet og fjellene.

Den vesle boka "Vett og uvett" som kom ut i begynnelsen av 1940 – årene, i en tid da folk virkelig hadde behov for å le, er blitt et litterært monument over den folkelige humoren i Troms. Den har fanget opp så mye av den dialektiske frodigheten og er så typisk for måten å snakke på, så beskrivende både for mennesker og livsforhold.

Men nå feier forandringens vinder over dette landskapet av øyer, fjorder og sund med en hastighet som har tatt pusten fra mange. Ikke alle har tilpasset seg rastløshetens år. Men i en tid med mye nytt har historie-suset latt seg sterkere høre, spesielt blant unge mennesker i Troms. Og de vet at historien om dette fylket er skrevet av nøy somhetens folk, som tilpasset seg elementene i et frodig samliv mellom natur og mennesker. I dette mylder av små bosettinger som preger kyststrøk og innland, ble det gjennom mange generasjoner skapt livsformer som hører til de mest utsatte kulturtrekk i denne del av verden.

Jeg har vært så heldig å bo i Tromsø fra 1970 til 1994 og har fått oppleve gammel og ny tid i Tromsø by og i Troms fylke. Som ung mor, kvinne og arbeidstaker ble jeg tatt godt i mot og øyeblikkelig inkludert i de ulike miljøene. Jeg skjønner nå hvor unikt dette var.

Når våren kommer i nord er lyset helt spesielt og alt er sprunget ut over natten og irrende grønt. Det er på den tid suget mot nord kjennes sterkest. Nå er jeg så heldig at mine barn og barnebarn bor i Tromsø. Så da så!

Mitt råd til alle som leser dette: Ta på deg skoene og reis!



DEN NORSKE KYRKJA

Osterøy prestegjeld

MARS

3. s. i faste, 7. mars 2010: Luk 4,31-37 2 Sam 22,1-7; 2 Kor 12,7-10

Haus kl. 11: Høgmesse. Dåp. Nattverd. Sørheim.
Takkoffer til Bibelselskapet.

4. s. i faste (Midtfaste), 14. mars 2010: Joh 6,24-36 2 Mos 16,11-18; 1 Kor 10,1-6

Bruvik kl. 11: Høgmesse. Melve. Takkoffer til
Mercy Ships.

Hamre kl. 11: Høgmesse. Dåp. Nattverd. Sørheim.
Takkoffer til Amathea. Kyrkjekaffi.
Årsmøte for kyrkjelyden etter gudstenesta.

Maria bodskapsdag, 21. mars 2010: *Sal 113 Ef 1,3-6; Luk 1,46-55

Gjerstad kl. 10.30 (merk tida!): Høgmesse. Dåp.
Nattverd. Melve. Takkoffer til
Nordhordland indremisjon.

Haus kl. 11: Høgmesse. Dåp. Nattverd. Monsen.
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Fredag, 26. mars 2010: Joh 12,12-24 2 Mos 12,21-28; Hebr 2,14-18

Hosanger kl. 10:45: Skulegudsteneste. Sørheim.
Takkoffer til fasteaksjonen.

Palmesøndag, 28. mars 2010: Joh 12,12-24 2 Mos 12,21-28; Hebr 2,14-18

Hosanger kl. 11: Familiemesse. Sørheim.
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

APRIL

Skjærtorsdag, 1. april 2010: Joh 13,1-15 Jes 53,1-5; 1 Kor 11,23-26[27-29]

Osterøytnet kl. 11: Gudsteneste. Sørheim.

Haus kl. 18: Gudsteneste. Melve.

Hosanger kl. 19: Gudsteneste med påskemåltid.
Sørheim. Takkoffer til
kyrkjelydsarbeidet.

Bruvik kl. 20: Gudsteneste. Melve.
Takkoffer til Redd Barna.

Langfredag, 2. april 2010: Mark 14,26-15,37
Haus kl. 11: Gudsteneste. Melve.

Hamre kl. 11: Pasjonsgudsteneste. Monsen.

Påskennatt 3. april 2010: Luk 24,1-12 2 Mos 14,1-22; Rom 6,3-8

Hamre kl. 23: Påskennatt. Melve. Monsen.

Påskedag, 4. april 2010: Joh 20,1-10 Jes 25,8-9; Rom 6,9-11

Gjerstad kl. 11: Høgtidsgudsteneste. Monsen.
Melve. Takkoffer til KFUK/KFUM.

1. s. e. påske, 11. april 2010: Joh 21,1-14 Sal 116,1-9; 1 Kor 15,12-21

Haus kl. 11: Høgmesse. Melve.

15. april 2010: Joh 14,1-11 Sal 126; 2 Kor 4,14-18

Gjerstad kl. 18: Samtalegudsteneste. Monsen.

2. s. e. påske, 18. april 2010: Joh 21,15-19 Sal 23; Hebr 13,20-21

Bruvik kl. 11: Samtalegudsteneste. Monsen.
Takkoffer til Frivillighetssentralen.

Hosanger kl. 18: Samtalegudsteneste. Sørheim.
Takkoffer til Misjonsprosjekt.

3. s. e. påske, 25. april 2010: Joh 14,1-11 Sal 126; 2 Kor 4,14-18

Gjerstad kl. 11: Konfirmasjonsgudsteneste.
Monsen. Takkoffer til
kyrkjelydsarbeidet.

Hamre kl. 18: Samtalegudsteneste. Sørheim.
Takkoffer til Lovsongsheimen i
Bangkok. Konfirmantfest.

29. april 2010: Joh 14,1-11 Sal 126; 2 Kor 4,14-18
Haus kl. 18: Samtalegudsteneste. Monsen.

MAI

4. s. e. påske, 2. mai 2010: *Jes 1,18-20 1 Joh 4,10-16; Joh 15,10-17

Bruvik kl. 11: Konfirmasjonsgudsteneste. Monsen.
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Hosanger kl. 11: Konfirmasjonsgudsteneste.
Sørheim. Takkoffer til
kyrkjelydsarbeidet.

5. s. e. påske, 9. mai 2010: Matt 6,6-13 Dan 6,4-12; Rom 8,24-28

Haus kl. 11: Konfirmasjonsgudsteneste. Monsen.
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Hamre kl. 11: Konfirmasjonsgudsteneste. Sørheim.
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

**Kristi himmelfartsdag, 13. mai 2010: Apg 1,1-11
Sal 110,1-4; Ef 1,17-23**

Gjerstad kl. 11: Høgtidsgudsteneste. Melve.
Takkoffer til Norsk misjon i øst.

17. mai (Grunnlovsdag), 17. mai 2010: Joh 12,35-36 5 Mos 30,19-20a; Fil 3,12-16

Hamre kl. 10: Festgudsteneste. Monsen.
Takkoffer til Kirkens SOS.

Haus kl.10: Festgudsteneste. Melve. Takkoffer til
kyrkjelydsarbeidet.

Bruvik kl.11: Festgudsteneste. Vikarprest.

Gjerstad kl.12: Festgudsteneste. Melve.
Takkoffer til kyrkjelydasarbeidet.

Hosanger kl.12: Festgudsteneste. Monsen.
Takkoffer til Kirkens bymisjon, Bergen.

**Pinsedag, 23. mai 2010: Joh 14,15-21 Joel 3,1-2;
Ef 2,17-22**

Haus kl. 11: Høgtidsgudsteneste.


Hosanger kl. 11: Høgtidsgudsteneste. Melve.
Takkoffer til Misjonsorganisasjon.

AVSKIL MED JOHANNES

Sokneprest Johannes Melve går av med pensjon til sommaren, og det vert avskilsgudsteneste i Haus kyrkje 20. juni. Soknerådet i Haus vil også arrangera ein konsert i samband med at Johannes sluttar.

Til denne konserten er songaren Gunnstein Draugedalen med akkompagnatør invitert, og Osterøy kyrkjekor deltek også. Dette arrangementet vert i **Haus kyrkje 30.mai klokka 18.00**. Neste nummer av "Kyrkjhelsing" vil ha meir stoff om desse hendingane.

Gunnstein Draugedalen



Offerliste for Haus 1. Kvartal 2010:

07.03.10: Bibelskapet

21.03.10 Kyrkjelydsarbeidet

Slekters gang

HOSANGER

Døypte:

- 04.10.09 Christoffer Tyssebotn-Stordal
 04.10.09 Sigurd Sørheim
 29.11.09 Angelika Amodia Thomassen
 29.11.09 Ingvild Elida Winther Lone
 03.01.10 Stig Audun Tepstad Herland
 07.02.10 Celina Aagesen Fitjar

Gravlagde:

- 11.12.09 Harry Balestrand (f.1951)
 16.12.09 Olga Olbjørg Hanstveit (f.1923)
 22.12.09 Olav Johan Hanstveit (f.1937)
 26.01.10 Elida Grinde (f.1911)

HAMRE

Døypte:

- 15.11.09 Stian Rene Muren Tyssebotn
 15.11.09 Espen Andre Muren Tyssebotn
 15.11.09 Morten Andreas Muren Tyssebotn
 15.11.09 Oliver Andrè Mjelde Edvardsdal
 15.11.09 Camilla Yvonne Mjelde Edvardsdal
 06.12.09 Gunvor Kristina Bæra Øverland
 10.01.10 Mathias Haugland-Birkeland

Gravlagde:

- 24.11.09 Helga Borge (f.1909)
 27.11.09 Ludvik Johannes Fløisand (f.1936)
 01.12.09 Magne Tvedt (f.1954)
 11.12.09 Johannes Carinason Røskeland (f.2009)

Avl. 09.12.09 Kjellaug Jorunn Eide (f.1948)
 Bisett Solheim kapell

09.02.10 Eva Sabine Storsæter Sætrevik (f.1956) Bisett

BRUVIK

Gravlagde:

- 18.12.09 Rakel Martine Hjelvik (f.1909)

GJERSTAD

Døypte:

- 27.09.09 Sara Vidya Fotland Clausen

21.02.10 Emma Reigstad Myking

21.02.10 Angelicka Nessestrand Langeland

21.02.10 Even Mathisen Vigde:

26.09.10 Ann-Karine Mobakken og
 Arne Mæstad Hartveit

Gravlagde:

- 20.11.09 Kari Beathe Birkelid (f.1947)

04.12.09 Magnhild Vevle (f.1930)

16.12.09 Erling eikemo (f.1921)

15.01.10 Johan Hansen (f.1928) Busett Bergen

02.02.10 Magnar Birkeland (f.1918)

09.02.10 Bjørg Jacobsen (f.1919)

HAUS

Døypte:

- 03.01.10 Kristoffer Andre Ramstad Furevik

24.01.10 Sarah Hernar Andersen

07.03.10 Sondre Høylo Trefall

Gravlagde:

- 29.12.09 Wenche Bruvik Mjelde (f.1957)

22.01.10 Gottfred Thunestveit (f.1930)

REMA 1000

5282 Lonevåg | 56 39 22 30

 BLINK HUS

Helge Rød as

BLINK HUS Helge Rød | 5281 Valestrandsfossen

www.helgerod.no | Tlf: 56 19 37 00 | Mob: 45 24 54 85

DER GODTFOLK TREFFES
OSTERØYKROA
56193434



YX Osterøy Servicesenter
5281 Valestrandsfossen
56 39 41 86

Revheim Gravferdshjelp

Telefon: 56 39 21 73
Revheim
5282 Lonevåg

 SparebankenVest
- satsar på Vestlandet

TOTALLEVERANDØR AV
ELEKTROINTALLASJONER

AUTORISERT EL- OG TELEINSTALLATØR

Thunestvedt

Bergen 55 39 19 00 | Osterøy 56 19 39 00
www.thunestvedt.no

FjordSlottet



HOTELL & BAD

www.fjordslottet.no | 5283 Fotlandsøya | Tlf: 56 39 50 90

Vevle Mekaniske Verkstad

Telefon: 56 39 26 75
Epost: a-bjhev@online.no
5282 Lonevåg

TAKK FOR STØTTA
FRÅ SPONSORANE VÅRE!

FELLESSAMLING FOR OSTERØY SOKNERÅDA

Laurdag 23.februar hadde kyrkjeleg fellesråd laga til ei samling for alle sokneråda på Osterøy. Møtestaden var Haus kyrkjelydshus. Vi fekk også eit hyggjeleg møte med fungerande prost i Nordhordland, Geir Sørebo, som hadde innleiingsforedraget for oss.

Tekst og foto: Kristoffer Foldøy

Etter ei samling i kyrkja med morgonsong, benka representantar frå sokneråda seg i kyrkjelydshuset. Frammøtet var godt, alle sokneråd hadde mange medlemmer til stades.

Roger Breivik, leiar av Osterøy kyrkjelege fellesråd, hadde regien på dagen. Prost Geir Sørebo, som inntil vidare har teke over arbeidsområdet til Helge Hitland, gav ei interessant innføring i styringsmodellar og "kommandoliner" for ulike kristne kyrkjesamfunn.



Prost Geir Sørebo.

Temaet som han kom inn på etterkvart var soknerådet sitt ansvar for det åndelige og praktiske arbeidet i soknet.

Kyrkjeverje Helge Kolstad sette oss inn kva arbeidsområde som er sokneråda sitt ansvar og kva fellesrådet skal ta seg av. For soknerådsmedlemmene kunne dette vera ei viktig konkretisering.

Etter ei god matøkt gjorde Liv Skoglund under overskrifta "Samarbeid mellom kantor og sokneråd" mellom anna greie for skilnaden mellom kantor og organist. Det viktigaste ved jobben hennar slik ho såg det var å støtta kyrkjelyden i salmesongen, sa ho.

Inge Sørheim tok for seg korleis samarbeidet mellom prestane og sokneråda burde fungera, og til slutt vart det ein informasjonsrunde om prosedyrane ved prestetilsetjingar.



Kyrkjeverje Helge Kolstad og Jenny Eikeland frå Hamre sokneråd.

Korleis har du det...
EIGENTLEG?

Krisetelefon 815 33 300
SOS-Melding: www.kirkens-sos.no

 **Kirkens SOS**

EIT MENNESKE Å SNAKKE MED
NÅR LIVET ER SOM VERST

DET ELDSTE KYRKJEMÅLERIET

i original utforming vi framleis har på Osterøy, heng ikkje i nokre av kyrkjene våre. Ikkje er det på Osterøy museum heller. Nei, det finn vi i Ole Bull sin villa på Valestrand. Oppe på soverommet hans heng to biletar frå 1300-talet som har vore delar av ei spansk altertavle. Dei passar flott inn saman med den gotisk-prega arkitekturen der. Violin-meisteren hadde fått tak i dei på ei av reisene sine i Spania. Sanneleg var han kunstsamlar også, denne mannen.

Frist for innsending til neste nummer er
16.april 2010.

Redaktør: Kristoffer Foldøy, 5281 Valestrandsfossen.
E-mail: kristofferfo@gmail.com